



Arkivnr: 2017/2653-6

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		15.11.2017

## Fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg 2017 sak 2

### Samandrag

Handsaming av sak 117/2017 vart utsett i møte 13.9.2017 i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Stord kommune har i brev av 23.10.17 trekt søknaden for Vikahaugane Ishall. Stord Hestesportsenter er då einaste søkjar på tilskotsordninga for 2017. Stord kommune søker om kr 2.2 mill i støtte til dette anlegget.

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler løyvinga på kr 2 mill. i investeringstilskot til idrettsanlegg av regional og nasjonal verdi for 2017 til Stord Hestesportsenter i Stord kommune.

Løyvinga skal førast over budsjettpost 10.400.410.09.14700 fylkeskommunalt investeringstilskot.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 25.10.2017**

Sak 117/2017 om fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg 2017 vart handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 13. september 2017. I møtet vart det sett fram spørsmål vedrørande søknaden frå Stord kommune om støtte til Vikahaugane Ishall. Handsaminga av saka vart difor utsett.

Det har vore kontakt med Stord kommune ved rådmann både skriftlig og pr telefon. Hordaland fylkeskommune mottok eit brev 23.10.17 som fylkesrådmannen forstår slik at søknad om investeringstilskot til Vikahaugane ishall for 2017 vert trekt (brevet er vedlagt saka).

Stord kommune sin søknad om støtte til Stord Hestesportsenter på kr 2.2 mill er då einaste søkjar til tilskotsordninga Fylkeskommunalt investeringstilskot for 2017. Den oppfyller alle kriteria for støtte frå fylkeskommunalt investeringstilskot og fylkesrådmannen tilrår å løyve kr 2 mill til Stord kommune.